UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP
*NORWEGIAN UNIVERSITY OF LIFE SCIENCES*

Eksamen i emne/fag: *Examination in subject:* kode: *Course code:* JUS 201

Eksaminand nr.: *Examinee no.:* 26

Dato og år: *Date and year:* 22/12-06 Ark. nr. *sheet no.* 1 av *out of* 7 i alt *total no.*

Oppgåve 1.

Det er avgjerande at borgarane har tillit til at forvaltninga heile tida vil treffe upartiske beslutningar. Det er difor problematisk om ein eller fleire av dei som sit med personell kompetanse i den bestemte typen saker sjølv er part, eller er i nær familie med ein part, eller har vore som h'beis at han er upartisk, eller andre "særegne forhold" spelar inn (jf. Forvaltningslova av 10. februar 1967 §6, 1-2). Det er óg i den aktuelle saksbehandlar si interesse å kunne seie seg ugild. Han vil då sleppe kritikk i etterkant, og det kan óg vere ubehagleg å vere med på vedtak som til dømes er negative ovanfor nærstuldige. Forvaltningslova §6.4 gjer det imidlertid klart at ugildheit ikkje spelar inn "dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt". Eit døme på det kan vere å innvilge alderspensjon. Etter §8 i forvaltningslova er det tenestemannen sjølv som skal avgjere om han er ugild, men han kan "forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede" dersom han er i tvil. I kollegiale organ er det organet sjølv som avgjer om eit medlem er ugild eller ikkje, utan at vedkommande er til stades.

I §6.1 a-e er det oppgjeve nokre høve kor ein tenestemann automatisk vert ugild, utan at det treng tolkast. I andre leddet av paragrafen kjem imidlertid uttrykket "andre særegne forhold" inn. Dette er altså høve i tillegg til dei nemnt i fyrste leddet som gjer ein person ugild. Tolkinga dreiar seg om ordet "særegne". Seinare i leddet står det at ein skal legge vekt på om vedtaket er til "særlig fordel, tap eller ulempe" for vedkommande. Det kan til dømes vere at vedkommande har ei verksemd som inndirekte vil

bli påverka av vedtaket. Eit døme kan vere eit kommunestyremedlem som driv utleige av fiske i ei elv kor det er søkt om kraftkonsesjon. Det kan òg vere at vedkommande har ~~eit~~ ein nær relasjon til ein av partane utanom dei som er nemnt i første ledd. Til dømes sambuar eller sambuars familie.
Ordet "særegne" opnar for at fleire enn dei som kjem inn under første ledd kan eller bør seie seg ugilde. Det skal likevel ikkje vere for lett å få fritak. Det kan særleg vere problematisk i små samfunn der alle kjenner alle. Grensa for "særegne forhold" varierar òg frå tilsette i forvaltninga til politisk valgte. Dei sistnemnte sit i vedtaksposisjon nettopp fordi dei har offisielle meiningar om korleis ein skal drive forvaltninga. Dei som er tilsette derimot skal vere upartiske. Difor blir ikkje ein politikar som offentleg har uttala segom alkoholproblematikk ugild ~~[illegible]~~ i ein skjenkebevillingssak, medan ein tilsett som har hevda dei same synspunkta offentleg kan bli ugild etter andre leddet i §6.
Av og til kan politikarar og tilsette i forvaltninga vere same person. Kommunelova av 25. september 1992 har difor med eit tillegg til forvaltningslovas ugildheitsreglar for folkevalgte som òg er tilsette i kommunen eller fylkeskommune. I fylgje §40.3b skal tilsette som har "medvirket ved tilrettelegginga av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak" alltid rekanast som ugilde "når saken behandles i folkevalgt organ".
Slik unngår ein alt for mykje blanding av roller.

Oppgåve 2

Legalitetsprinsippet er eit juridisk prinsipp som har vokse til gjennom rettspraksisen, og som det vert lagt stor vekt på i spørsmål om forvaltningas inngripen ovanfor borgarane. Prinsippet seier at forvaltninga ikkje kan ~~gripe inn ovanfor~~ gjere vedtak som påverkar borgarar utan å ha hjemmel for det i formell lov. Dette gjeld både faktiske og papirmessige inngrep. Eit døme på den første typen inngrep er fysisk å rive ned eit hus, medan det siste kan vere å ikkje gje byggetillatelse.

Prinsippet har bakgrunn både i folkesuverenitetsprinsippet og maktfordelingsprinsippet, og fører til at borgarane får større rettssikkerheit. Ein sikrar at alle får lik behandling og at det dermed er mogleg å forutsjå utfallet av ein sak. Ein sikrar òg at forvaltninga ikkje misbrukar si myndigheit.

Ein del reglar opnar for at forvaltninga kan bruke skjønn. Dette er fordi både enkeltsaker og forvaltningsorgan er forskjellige, og ein er dermed tent med å kunne vurdere kvar sak for seg, innan dei rammene ein kan tolke ut frå lovteksten. Til dømes er ikkje ein kommune nøydt til å gje skjenkebevilling til alle som oppfyller krava.

Men jo meir inngripande eit vedtak er ovanfor borgarane, jo større krav stiller ein etter legalitetsprinsippet til at ein har ein klar og tydeleg hjemmel i formell lov. Og det må vere ei ubroten lenkje av hjemlar frå lovgjevarane (Stortinget) til vedtaket. Ein må gjere ei heilheitsvurdering om kor inngripande vedtaket er; kor mange det rammar, kva livssituasjon rammar

det, og liknande. Dersom det er tvil om ein har hjemmel til å gjere eit slikt inngripande vedtak skal tvilen komme borgaren til gode.

Med grunnlag i legalitetsprinsippet har domstolane myndigheit til å overprøve vedtak fatta av forvaltninga. Dei er borgarane sine vaktarar i møte med myndigheitene. Rammene for skjønnsutøvinga vert fastsette gjennom dommar. ~~Men~~ Vedtak innanfor rammene blandar ikkje domstolane seg inn i, men dersom eit forvaltningsorgan har bevega seg utanfor grensene kan domstolane gjere vedtaket ugyldig på grunn av myndigheitsmisbruk.

Hønsehaukdommen er eit døme på ein sak kor legalitetsprinsippet vart nytta i tolkinga. Stridens kjerne var om høns kunne reknast inn i det upresise begrepet 'bufe', og om hønseeigaren kunne straffast ut frå ein slik vag hjemmel.

Oppgåve 3 a)

Har Peder brote reglane i forvaltningslova?

Ole Ronny skuldar Peder for å ha brote fvl. § 13. Fyrst må me sjå om forvaltningslova kan brukast i det heile. Peder har vore tilsett ved rekneskapskontoret i Storevik kommune. Dette høyrer inn under definisjonen i § 1 i fvl., altså oppfyller Peder óg § 2 d) om "offentlig tjenestemann".
Når me så ser på § 13 om teiesplikt, står det i første ledd: "Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltnings-organ, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om: a) noens personlige forhold." Ingen tidsfrist er oppgitt.
I dette tilfellet fekk Peder ein mail i forbindelse med at han jobba i kommunen. Mailen inneheld sensitive personlege opplysningar om Ole Ronny. Sjølv om Peder ikkje fekk mailen fordi han jobba på rekneskapskontoret, er det tvilsomt at han hadde fått den dersom han hadde jobba ein annan plass. Ein kan difor seie at Peder fekk innsyn i forhalda "i forbindelse med tjenesten eller arbeidet", og § 13 i fvl gjeld då. Peder burde difor ikkje ha formidla kjennskapen vidare, sjølv om han ikkje jobbar i kommunen lenger.
Konklusjon: Peder braut § 13 i forvaltningslova

Oppgåve 3b)

Kunne offentleghetslova gitt innsynsrett i e-posten om rusproblem?

Offentleghetslova gjeld for dei same organa som fvl. difor kan den brukast i dette tilfellet. I fylgje §2 gjeld lova "forvaltningens saksdokumenter." I §3 vert dette definert som "dokumenter som er utferdiget av et forvaltningsorgan, og dokumenter som er kommet inn til eller lagt frem for et slikt organ." Vidare definerast 'dokument' som "logisk avgrenset informasjonsmengd" som er laga slik at det kan hentast ut informasjon seinare. Ut i frå den siste definisjonen er det klart at ein mail kan reknast som eit dokument. Vidare kan ein seie at sakshandsamaren utferdiga dokumentet då han sendte det. Dersom ein dermed slår fast at det er eit eitavforvaltningas saksdokument, har offentlegheita etter §2 innsynsrett i mailen om Ole Ronny.
I mellomtid var mailen meint ~~for~~ for sosialsjefen. §5 i offl. opnar for at "dokument som et forvaltningsorgan har utarbeidet for sin interne saksforberedelse kan unntas fra offentlighet." Eg reknar med at det er sosialsjefen som må gjere det endelige vedtaket om å kople inn barnevernet. Då må e-posten kunne reknast som eit dokument i forbindelse med "internesaksforberedelse".
~~utarbeida~~ Vidare opnar §5a for heilt å unnta frå offentlegheit "opplysninger som er undergitt taushetsplikt i lov eller i medhold til lov."
Denne paragrafen refererar til §13 i fvl. som alt er diskutert, og §204 og påfølgande i tvistemålslova av 13. august 1915. Desse paragrafane omhandlar personopplysningar ein har fått kjennskap til gjennom arbeid i offentleg forvaltning. Den same regelen som hindra Peder i å formidle vidare informasjon om Ole Ronnys rusproblem

JUS 201

Eksamen i emne/fag: kode:
*Examination in subject:* ........ *Course code:* ......

Eksaminand nr.: 26
*Examinee no.:* ........

Dato og år: 22/12-06 Ark. nr. 7 av 7 i alt
*Date and year:* ........ *sheet no.* ........ *out of* ........ *total no.*

gjer og at andre ikkje skal kunne skaffe seg den same kunnskapen.
Konklusjon: Offentlegheitslova kan ikkje brukast til å gi innsynsrett i e-posten.